



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Vår dato:

03.05.2021

Vår ref:

2021/5759

Dykkar dato:

30.03.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Austrheim - 166/14 - Austre Sævrøyna - flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå Austrheim kommune datert 30.03.2021, mottatt 12.04.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til utlegging av ei mindre flytebryggje for 2 båtar på Austre Sævrøyna. Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet og frå byggjeforbod i 100-metersbelte jf. plan- og bygningslova § 1-8.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringssplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Kommunen skriv at med å samla båtane i det konkrete området i ei flytebryggje vert arealinngrepet i sjøen mindre. Det vert tryggare for folk å kome til og frå båtane i all slags ver. Båtane vert og betre sikra mot store bølgjer. Tiltaket er ikkje til ulempa for friluftsliv, ålmenta, fiskeri eller for biologisk mangfald i området.

Statsforvaltaren er samd med kommunen i at det er ein god arealstrategi å samla båtplassar for fritidsbåtar og på den måten redusere arealinngrepa, men dette skal i utgangspunktet gjerast i kommuneplanen. I dette området er det i kommuneplanen satt av eit slikt område berre 40-50 meter nord for omsøkt plassering. Vi har i denne saka ikkje mottatt dispensasjonssøknaden, og veit difor ikkje kva som er grunngjevinga av søknaden. Vi meiner det skal svært gode grunnar til for å gje dispensasjon for flytebrygger når det er sett av til småbåthamn i kommuneplanen like ved. Vi viser til plan og bygningslova § 11-6, som slår fast at kommuneplanen skal vere bindande for nye tiltak.



Når det gjeld plasseringa av tiltaket, så ligg det i nærleiken av ein bustad og eit området sett til naust og småbåthamn som i dag er eit nedbygd kaianlegg. Bortsett frå dette er strandsona i stor grad urørt. Etter det vi kan sjå gjeld dette også området der ein søker å plassere flytebrygga, sjølv om det ligg ein bustad i nærleiken. Opplevinga av landskapet vil verte endra og privatiseringa av strandsona vil auke.

Statsforvaltaren rår primært ifrå ein dispensasjon utifrå dei opplysningane vi har og vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN